

Innretning på ordninga Innovasjonsavtalar for operatørar av næringshage og inkubatorprogram i Vestland 2027-2029 – vedtatt av hovudutval for næring 10. juni 2026

Føremålet med ordninga

Vestland står overfor store omstillingsutfordringar. Næringslivet treng raskare innovasjon og betre tilgang på kompetanse, kapital og nettverk for å møte internasjonal konkurranse og det grønne skiftet, og det er eit klart mål å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i heile fylket.

Den kommunale førstelinjetenesta er ofte ei viktig inngangsport, særleg for gründerar og små og mellomstore verksemder i mindre kommunar, før vidare kopling til andre aktørar i det regionale og nasjonale innovasjonssystemet. Samarbeid med den kommunale førstelinjetenesta er ein viktig del av denne ordninga.

Gjennom opptak til inkubasjons- og næringshageprogrammet er operatørane av desse programma kvalitetssikra både i forhold til sjølve selskapet, men også i forhold til geografisk fordeling i fylket og at dei støtter opp om utvikling av næringslivet i sitt nedslagsfelt. Denne ordninga skal støtte selskapa og bidra til å styrke deira rolle som regionale utviklingsaktørar.

Innovasjonsavtalane er eit verkemiddel for å skape betre samspel mellom offentlege ressursar og dei aktørane som driv innovasjonsarbeid på vegne av fellesskapet. Desse aktørane er ofte referert til som innovasjonsaktørar. Dette er aktørar som ikkje sjølv driv næringsverksemd, men som legg til rette for at bedrifter kan innovere, vekse og omstille seg.

Gjennom tettare samarbeid mellom fylkeskommunen og desse aktørane kan vi utnytte ressursar og kompetanse betre, unngå dobbeltarbeid og sikre at innsatsen frå fleire bidragsytarar trekkjer i same retning. Når offentlege prioriteringar og privat innovasjonskraft vert kopla saman gjennom avtalar, gir det større effekt og eit meir heilskapleg og velfungerande innovasjonssystem i heile Vestland.

Mål for ordninga

Ordninga skal styrkje gründerskap, nyetableringar og små og mellomstore bedrifter i Vestland si evne til innovasjon, vekst og omstilling, ved å styrke sentrale aktørar i det regionale innovasjonssystemet.

Definisjonar

Innovasjon er ikkje berre ein god idé eller oppfinning, men noko «nytt, nyttig og nyttiggjort». Det handlar om å skape noko nytt, som gir løysingar på store eller små utfordringar og som blir tatt i bruk. Det handlar både om det radikale nye og små forbetringar som gjer at produkt og tenester skapar verdiar for ei verksemd.

Ein *innovasjonsaktør* er ein organisasjon, verksemd eller institusjon som legg til rette for utvikling, spreiding eller bruk av ny kunnskap, teknologi eller løysingar og som bidreg til samspel, kapasitet og innovasjon utover eigen organisasjon. Innovasjonsprosessar skjer ulikt i urbane og rurale område, det er ulike relasjonar og behov for ulike typar aktørar.

Innovasjonssystemet omfattar innovasjonsaktørar, ressursar og verkemiddel. Ressursar og verkemiddel kan vere tilgang på forsking, kompetanse, kapital og test- og utviklingsarenaer som bidreg til å redusere risiko, korte ned tida frå idé til marknad.

Kven kan søkje på ordninga

Innovasjonsselskap som er operatør for næringshageprogram eller inkubasjonsprogram i Vestland.

Kva aktivitetar støtter vi i ordninga

Ordninga skal styrkje gründerskap, nyetableringar og små og mellomstore bedrifter i Vestland si evne til innovasjon, vekst og omstilling, ved å styrke sentrale aktørar i det regionale

innovasjonssystemet. Aktivitetane skal dekke same geografi som innovasjonsselskapa har i program.

Dette kan til dømes vere aktivitetar som

- samarbeide med førstelinja i kommunane i Vestland
- bidreg til at gründerar i Vestland får ei effektiv og god gründerreise
- utvikle møteplassar, nettverk og samarbeidsarenaer
- bidreg til bygge relevante nettverk
- legg til rette for kunnskapsdeling og kompetanseutvikling
- koplar til forskings- og utdanningsmiljø
- bidreg til utvikling av nye verdikjeder eller forretningsmodellar
- legg til rette for teknologiutvikling, digitalisering og sirkulære løysingar
- støttar opp om samfunnsberedskap - forsyningssikkerheit for mat og kritiske varer
- bidreg til samarbeid som styrker innovasjonssystemet i Vestland

Kva det ikkje blir gitt støtte til

Det blir ikkje gitt støtte til:

- aktivitetar som blir dekkja gjennom finansiering av næringshageprogram eller inkubasjonsprogram
- kommunale næringsoppgåver/førstelinetenester
- aktivitetar som er dekkja, eller passar betre i andre offentlege støtteordningar som tilskotsordningar til tidsavgrensa prosjekt
- støtte til drift utover det som er nødvendig for å utføre oppgåvene i avtalen
- lukka arrangement eller nettverk
- fysiske investeringar
- renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt
- kausjon eller anna økonomisk garanti
- aktivitetar retta mot enkeltbedrifter eller eit avgrensa tal enkeltbedrifter
- bedriftsretta støtte, i det ligg det at det ikkje blir gjeve støtte verken til å etablere, drive, gjere investeringar i, eller utvikle ei bedrift
- Fasilitatoroppgåver og aktivitetar knytt til konkrete sirkulære hubbar i Grøn region Vestland
- Aktivitetar knytt til Invest in-programma

Økonomi i ordninga

Årleg sum blir fastsett ut frå korleis aktøren treff på vurderingskriteria i denne ordninga. Det blir same sum årleg i heile avtaleperioden 2027-2029. Det vil vere atterhald om vedtak av årleg fylkesbudsjett. Avtalen blir følgt opp gjennom årlege tilsegnsbrev.

Det er forventa at avtalepart bidreg med eigenfinansiering i form av eige arbeid eller kapital på minimum 50 %.

Godkjend timesats for eige arbeid: Timesats for eige arbeid er inntil 1 promille av nominell/brutto årsløn, maksimalt kr 1500 per time, totalt inntil 1850 timar per år. Sjå rettleiing og retningslinjer i [Føring av personalkostnader og eigenfinansiering i tilskotsordningar](#).

Statsstøtteregelverket kan sette grenser for aktivitetar som kan bli finansiert gjennom denne ordninga.

Avtalepart kan ikkje betale utbytte frå selskapet.

Det er krav om separate prosjektrekskap for aktivitetar finansiert gjennom denne ordninga.

Korleis blir søknaden behandla

Søknadane blir vurdert etter krav og vurderingskriterium i denne ordninga. Søknader som ikkje oppfyller krava vil kunne bli avslått administrativt. Hovudutval for næring vil gjere vedtak om tilsegn eller avslag på søknader som har gått vidare til vurdering. Søknadsbehandlinga vil følge krav til god forvaltningsskikk, offentlegheit, habilitet og etisk åtferd. Søknadene blir behandla i samsvar med EØS-avtalen sine reglar om statsstøtte.

Krav til søknaden

For at søknaden skal bli vurdert må den vere innanfor vilkåra i desse retningslinene, og i tråd med formalkrav i utlysingstekst og søknadsskjema.

Vurderingskriterium/tildelingskriterium

Søknadene blir vurdert etter i kor stor grad søkjar treff på punkta under.

Gjennomføringsevne

- har tilstrekkeleg kompetanse, kapasitet og gjennomføringsevne
- arbeider aktivt for innovasjon, vekst, omstilling og konkurransekraft
- kan dokumentere erfaring og resultat

Bidrag til innovasjon, konkurransekraft og vekst

- har potensiale til å identifisere og dokumentere utfordringar knytt til å styrke innovasjonsevna, konkurransekrafta og moglegheit for vekst for i ein bransje eller i ein geografi
- har potensiale til å bidra til innovasjon, omstilling og konkurransekraft ein region, bransje eller tematisk område

Samspel og rolle i innovasjonssystemet

- kva rolle har aktøren i ein region, bransje eller tematisk område
- samarbeid med andre relevante innovasjonsaktørar
- komplementaritet og ikkje overlapp i rollene ein region, bransje eller tematisk område
- korleis bidreg aktøren til å utvikle førstelinjetenestetilbode i Vestland
- korleis bidreg aktøren til regional utvikling

Heilskapleg aktørbilde

I økonomisk prioritering mellom aktørar med god vurdering på kriteria over, kan det bli lagt vekt på fordeling innan ulike tematiske og geografiske område i fylket. Denne ordninga blir sett i samanheng med ordninga 'Innovasjonsavtalar 2027-2029'

Oppfølging og rapportering

Tilskotsmottakarar skal rapportere årleg på

- aktivitetar
- resultat

Oppfølging av avtalen inkluderer

- dialogmøte med fylkeskommunen
- deltaking i felles samlingsarenaer og erfaringsdeling mellom aktørane.

Det blir forventa at avtaleparten deler erfaringane sine med andre.

Resultatmål

Avtalepartnarar skal synleggjere korleis midla blir nytta, korleis avtalepartane har bidrege til å auka innovasjonsevna, konkurransekrafta og vekst hjå bedriftene dei arbeidar mot, og kva aktivitet som blir gjennomført for midla. Alle avtalepartnarar skal minimum rapportere på kompetanse og nettverksaktivitet og kopling mellom aktørar. Kvar avtale vil ha fleire resultatmål. Desse vil bli utarbeidde i samtale med avtalepart.

Evaluering

Ordninga og innovasjonsavtalane vil bli evaluerte i perioden for å vurdere

- måloppnåing
- relevans av resultat og gjennomførte aktivitetar i ordninga
- samarbeid mellom aktørar i innovasjonssystemet
- samsvar med måla satt i Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Retningslinjene er utarbeida i samsvar med 'Rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune' og målsettinga: 'Vestland fylkeskommune skal i all tildeling av tilskot utøve mynde i samsvar med god forvaltningsskikk'.